Direkte driftskostnader	2 640 993	2 994 129	380 491	6 015 613
Avskrivingskostnader	565 870	201 969	-	767 839
Kalkulatorisk rente (2,37 %)	248 625	85 561	-	334 186
Indirekte netto driftskostnader	180 091	193 814	61 351	435 256
Indirekte avskrivingskostnad	13 327	14 431	2 036	29 794
Indirekte kalkulatorisk rente (2,37%)	15 670	15 959	3 586	35 215
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>3 664 576</b>	<b>3 505 863</b>	<b>447 464</b>	<b>7 617 903</b>
<b>Resultat</b>	<b>213 910</b>	<b>-153 163</b>	<b>5 162</b>	<b>65 909</b>
<b>Kostnadsdekning i prosent</b>	<b>105,8 %</b>	<b>95,6 %</b>	<b>101,2 %</b>	<b>100,9 %</b>
<b>Sjølvkostfond 1.1</b>	<b>2 832 634</b>	<b>803 611</b>	<b>330 492</b>	<b>3 966 737</b>
Bruk av fond		-153 164		-153 164
Avsetning til fond	213 909		5 162	219 071
Kalkulert renteinntekt fond 2,30 %)	40 860	10 106	4 630	55 596
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>	<b>3 087 403</b>	<b>660 553</b>	<b>340 284</b>	<b>4 088 240</b>

**Note 13****Ytingar til leiande personar og revisor**

<b>Ytingar til leiande personar</b>		<b>2019</b>	<b>2020</b>
Rådmann (Arne Johansen) 01.01.20 - 31.01.20	kr	995 140	kr 82 917
Konstituert rådmann (Lars Bogstad) 20.01.20-31.07.20			kr 612 513
Rådmann (Gunn Lerøy) frå 01.08.20			kr 412 000
Ordførar Audun Mo			kr 790 798
Ordførar Jan Geir Solheim Godtgjersle 1.1 - 4.10	kr	616 280	
Ordførar Jan Geir Solheim etterløn 5.10 -31.12 og 01.01.20-31-01.20	kr	165 729	kr 65 866
Ordførar Audun Mo Godtgjersle 5.10-31.12	kr	165 729	

**Godtgjersle til revisor**

**Samla utbetaling til Deloitte i 2020:** kr 53.750 Dette er til forvaltningsrevisjon. **Samla utbetaling til KPMG i 2020 er kr 182.123** Dette er til rekneskapsrevisjon og attestasjoner.

**Note 14****Spesifikasjon av lønsutgifter:**

Få få eit totalt inntrykk av lønsutgiftene må ein også ta med refusjonar på sjukeløn og svangerskap. Desse refusjonane går inn som inntekt under "overføringer med krav til motytelse" i rekneskapen på side 7

	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Lønsutgifter	144 834 306	144 926 900	143 581 005
Sosiale utgifter	30 357 650	37 341 700	33 040 678
Refusjonar løn	(8 748 995)	(1 339 200)	(7 338 845)
<b>Netto lønsutgifter</b>	<b>166 442 961</b>	<b>180 929 400</b>	<b>169 282 838</b>

Samla hadde Lærdal kommune 223,28 årsverk på lønningslista pr 31.12.2020 (220 pr 31.12.19)

Det er inngått tenestepensjonsavtale mellom alle tilsette gjennom KLP (Kommunal Landpensjonskasse) eller SPK (Statens Pensjonskasse).

**Note 15****Note 15 - forklaring til ein del av postane "økonomisk oversikt drift"**

<b>Brukarter</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Bamehage	2 385 729	2 700 000	2 722 111
SFO	667 172	835 000	789 959
Musikk og kulturskule	175 980	280 000	257 557
Lærdal Helsecenter	871 949	1 270 000	975 770
Lokalmedisinsk senter	381 995	580 000	482 510
Lærdal Alders og sjukeheim	4 977 870	4 442 900	6 089 285
Heimetenester	387 347	330 000	390 862
Fysioterapi	234 705	260 000	188 488
Vaksenoppplæring	-	-	-
Rådhuset	3 425	10 000	7 147
	<b>10 086 172</b>	<b>10 707 900</b>	<b>11 903 689</b>
<b>Andre sals og leigeinntekter</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Avgifter teknisk (vatn, kloakk, bygg)	8 003 467	8 734 000	9 381 403
Husleigeinntekter	5 352 620	5 370 400	5 554 761
Sal av varer og tenester	3 962 969	2 744 000	4 233 499
Billettinntekter	190 310	400 000	358 496
Bladpengar Helg og Kvardag	122 472	155 000	137 229
Avgift og fallrettar	237 454	258 000	199 052
	<b>17 869 292</b>	<b>17 661 400</b>	<b>19 864 440</b>
<b>Overføringer og tilskudd frå andre:</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Statstilskot	7 144 884	5 971 100	11 482 830
Refusjonar frå staten	7 960 680	7 543 000	6 694 619
Refusjon sjukeløn	7 227 177	1 339 200	6 385 386
Refusjon svangerskap	1 521 818	-	953 459
Momskompensasjon	6 245 447	6 245 447	7 206 086
Refusjonar frå fylket	2 619 191	2 191 000	447 536
Refusjonar andre kommunar	18 420 522	19 360 200	17 787 220
Refusjonar frå private	1 558 034	3 421 400	2 281 693
Overført frå Fylkeskommunen	1 529 267	-	463 597
Overført andre kommunar	150 000	-	-
Sals og skjenkeavgift	63 011	80 000	61 131
Konsesjonskraftinntekter	15 057 019	17 000 000	14 117 671
Avdrag sosil og næringslån	127 703	18 000	98 654
	<b>69 624 753</b>	<b>63 169 347</b>	<b>53 702 426</b>

**Note 16****Samla ekstern gjeldsforpliktning.**

Lærdal Kommune står med ein eigarandel på 6,54 % i Simas IKS. Det vil seie at Lærdal Kommune heftar for 6,54 % av Simas IKS sine samla forpliktingar. Jfr lov om interkommunale selskap §3.

**Note 17****Investeringsprosjekt**

Viser til skjema 2 B

Følgjande påbegynte investeringar skal vidareførast i 2021:

		sum 2020	Budsjett 2021
20008	Varmepumpe fjernvarme	509 217	500 000
20012	Næringsområde Håbakken	10 571 561	6 500 000
20013	Arealeffektivisering Lærdal rådhus	189 765	400 000
20015	Saltkjelen bustadfelt - grunnerverv og opparbeiding	-	1 000 000
20016	Bustadtomter Lærdalsøyri	221 899	2 500 000
20017	Opprusting kultursal	316 819	410 000
20019	Borgund samfunnshus renovering	198 555	500 000
20020	Bussparkeringog andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	-	1 150 000
20022	Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del	693 600	2 300 000
20023	Prosjekt Lærdal sjøfront	-	1 600 000
20027	Ny ungdomsklubb	-	1 500 000
20031	Univesiell utforming lege og fysioterapi	-	200 000
20033	Lys parkeringsplass Borgund	-	200 000
20039	Hovudplan avløp	5 556 442	10 000 000
20041	Hovudplan vassforsyning	13 545 858	21 000 000
	<b>SUM</b>	<b>31 803 716</b>	<b>49 760 000</b>

**Note 18****Sal av konsesjonskraft**

	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Budsjett 2019
Sal av kraft (netto)	14 665 942	17 000 000	14 117 671	12 700 000

Frå og med 2014 er alt kjøp og sal av konsesjonskraft sett ut til det kommunale selskapet Okken Kraft Holding AS.

**Note 19****Note 19 Investeringsprosjekt**

Vi viser til skjema 2 B på side 8

**Følgjande påbegynte investeringar skal vidareførast i 2021:**

		sum 2020	Budsjett 2021
20008	Varmepumpe fjernvarme	509 217	500 000
20012	Næringsområde Håbakken	10 571 561	6 500 000
20013	Arealeffektivisering Lærdal rådhus	189 765	400 000
20015	Saltkjelen bustadfelt - grunnerverv og opparbeiding	-	1 000 000
20016	Bustadomter Lærdalsøyri	221 899	2 500 000
20017	Oprustering kultursal	316 819	410 000
20019	Borgund samfunnshus renovering	198 555	500 000
20020	Bussparkering og andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	-	1 150 000
20022	Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del	693 600	2 300 000
20023	Prosjekt Lærdal sjøfront	-	1 600 000
20027	Ny ungdomsklubb	-	1 500 000
20031	Univesiell utforming lege og fysioterapi	-	200 000
20033	Lys parkeringsplass Borgund	-	200 000
20039	Hovudplan avløp	5 556 442	10 000 000
20041	Hovudplan vassforsyning	13 545 858	21 000 000
	<b>SUM</b>	<b>31 803 716</b>	<b>49 760 000</b>

**Note 20****Note 20 - Sal av konsesjonskraft**

	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Budsjett 2019
Sal av kraft (netto)	14 665 942	17 000 000	14 117 671	12 700 000

Frå og med 2014 er alt kjøp og sal av konsesjonskraft sett ut til det kommunale føretaket Okken Kraft AS.

**Note 21****Eigedomsskatt**

Det var ved inngangen til 2018 etterfakturert kr 4.618.537 til Østfold Energi AS for endringar i eigedomsskatt for skatteåra 2015 og 2016. For skatteåra 2017 og 2018 vart det i 2018 etterfakturert kr 3.084.271. Fakturane er betalte og er inntektsførte i rekneskapen. Samla utgjer desse etterfaktureringane kr 7.602.808. Rekneskapsmessig er dette redusert med kr 3.000.000 slik at avsetninga i balansen er endra til kr 4.602.800 (om lag 60 % av det som er fakturert)

November 2020 fekk staten medhald i anken og 4.602.800 vart inntektsført i rekneskapen for 2020.

Det er i 2020 ei ny sak om eigedomskatt og det er avsett kr 1.500.00 i balansen til den er avgjort i retten.

**Note 22****Note 22 - Ressurskrevande brukarar**

Lærdal kommune har mange ressurskrevande brukarar. Vi får tilskot frå staten til desse brukarane, men ein stor del vert belasta kommunen sitt driftsbudsjett.

**Utviklinga frå 2012 til 2020:**

År	Samla kostnad	Tilskot	Netto kostnad for kommunen
2012	23 128 000	10 702 000	12 426 000
2013	21 935 000	11 084 000	10 851 000
2014	22 690 000	12 311 000	10 379 000
2015	17 894 000	8 262 000	9 632 000
2016	23 987 000	11 306 000	12 681 000
2017	21 846 000	10 561 000	11 285 000
2018	16 130 000	5 234 000	10 896 000
2019	10 700 000	3 116 000	7 584 000
2020	12 590 800	3 326 000	9 264 800

Dette er kostnader kun knytt til personalressursar til brukaren. Kostnader til utstyr, hus og administrasjon vil kome utanom og er ikkje tilskotsberettigata.

**Note 28****Note 28 - Avdrag på lån**

Det er forskrifter kor mykje kommunane må betale i avdrag ut frå anleggsmiddel, avskrivningar og langsiktig gjeld.


I 2020 betalte Lærdal kommune kr 12.940.678 i avdrag på lån til eigne investeringar.

Utrekning syner at kommunen skulle minimum betale kr 10.430.916 mill i 2020.

Det blir vist til note 11 for å sjå oversikt over låna til Lærdal kommune.

## Kommentarar til årsrekneskap


Netto driftskostnader til tenesteproduksjon i Lærdal kommune var i 2020 på 168,154 mill. Dei fordeler seg på ansvarsområda slik det går fram av figuren.



Det har blitt gjennomført ei retaksering i 2018 for å tilpasse seg endringane i eigedomsskattelova. Dette påverkar berre inntektene i mindre rad. Eigedomsskatten for kraftverk vert rekna ut frå eit 5 års gjennomsnitt av kraftprisen, og dette har slege positivt ut for auken i eigedomsskatten i 2020.


Eigedomskatten for 2020 høgre en budsjettert fordi ei klage sak på eigedomskatt vart avslutta. Me hadde dei føregåande åra sett inn inntekta på klagesaka på kortsiktig gjeld, dette har me inntektsført i 2020

### Eigedomsskatt



Inntekter på sal av konsesjonskraft i 2020 vart mindre enn opprinnelag budsjett på 16,5 mill. Den ligg ca 1,5 under budsjett. Inntekta har vore fallande sidan 2017, men frå 2019 har me fått ein oppgang. Netto tala for konsesjonskrafta er i 2020 kr 14 665 91,- då me kjøper konsesjonskrafta i Stuvane på til saman kr 391 077,-.

### konsesjonskraft



I budsjettet for 2020 vart det budsjettert med 13,1 mill. i avdrag på lån og 6,7 mill. i renteutgifter. Dette er 10 % av dei frie driftsinntektene våre. Det er betalt avdrag på eigne lån på 12,940 mill. og

renteutgifter på eigne lån vart i 2020 på 5,24 mill. Dette er om lag 1,6 mill mindre enn budsjett 2020. Totalt er lån på eigne investeringar auka frå 284,5 mill til 295,9. Lån til vidare formidling er på 21,7 mill.



Gjeldsgraden er netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. Lærdal kommune har i 2020 ei gjeldsgrad på 105,1 % den har auka frå 2019, men er litt lågare enn 2018. Høg gjeldsgrad reduserar handlingsrommet til kommunen.



## Organisasjonen

I dette avsnittet er sjukefråver, personalgruppa, arbeidsforhold, likestilling og vidareutdanning tema. For å få til ein god organisasjon er det naudsynt med ei tett oppfølging av leiarane i kommunen og å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod.

Det har som hovudregel vorte gjennomført månadlege samhandlingsmøter mellom rådmann, personal- og organisasjonsleiar, dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Arbeidsmiljøutvalet har i sin møteplan lagt opp til 4 møter kvart år.

### Tilsette

Personalet i Lærdal kommune var det ved utgangen av 2020 totalt 223 årsverk. Dette fordeler seg på 311 tilsette.

	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal deltidsstillingar
Rådmann	7	5,60	1
Stab/støtte	8	7,50	
Landbruk	4	3,20	2
Plan og forvaltning	4	4,00	
Oppvekst	3	3,00	
LØS	39	32,57	16
Borgund skule	10	5,97	8
LØBH	30	24,10	16
Borgund Barnehage	7	4,74	5
Bu- og Miljøten	1	1,00	
Helse	1	1,00	
Helsesenter	11	9,46	3
LMS	18	11,75	10
NAV	5	4,80	1
PLO	1	1,00	
LAS	46	29,48	29
Kjøken LAS	6	4,80	4
Heimesjukepleie	26	15,07	22
Heimehjelp	5	2,25	4
STH	26	19,12	16
Flyktn.	1	1,00	
LMS	1	1,00	
Kultur	2	1,10	1
Musikk-og kulturskule	8	2,91	5
Stab kultur	5	2,55	4
TEK	1	1,00	
FDV	21	10,90	9
Reinhalld	11	10,00	4
VAR	1	1,00	
Vatn og Avløp	2	0,70	
<b>TOTALT</b>	<b>311</b>	<b>222,58</b>	

I tabellen under ser ein årsverk fordelt på einingane i 2019 og 2020.

Årsverk Lærdal kommune			
Ansvar/År		2019	2020
100 Folkevalde/HVT		2,20	1,80
110 Rådmannen/stab og støtte		13,1	11,5
114 Plan og forvaltning		3	4
116 Landbruk		3,95	4,2
120 Borgund oppvekstsenter		9,2	11,74
123 Lærdalsøyri barnehage		22,86	23,8
129 Oppvekst		33,2	34,28
130 Bu- og miljøetaten		18,62	20,11
131 Helse		11,36	10,46
132 NAV kommune/flyktningetenesta		5,67	5,80
133 Pleie og omsorg		52,36	47,80
134 Barnevern		0,00	
136 Sogn LMS		11,09	12,75
137 Matforsyning		4,2	4,8
151 Kultur og formidling		7,4	6,56
162-163 Tekniske tenester/eigedomsforvaltning		21,7	23,40
Brannmannskap		0,21	0,21
<b>Sum</b>		<b>220,12</b>	<b>223,21</b>

### Sjukefråvær

Lærdal kommune har over tid og gjennom fleire år hatt eit høgre sjukefråvær enn landsnittet. Det er sett eit mål for kommunen sitt samla sjukefråvær på 5 % som er nedfelt kommuneplanen sin samfunnsdel.

Generelt kan vi seie at korttidsfråværet i Lærdal er ganske lågt, det er langstidsfråveret som dreg opp statistikken mest. Kommunen har hatt fokus på å redusere sjukefråveret og har arbeidd systematisk med dette gjennom fleire år. Det er mange faktorar som påverkar sjukefråveret, men det kan nå sjå ut som det langsiktige arbeidet ute i dei ulike einingane er i ferd med å gje resultat.

Sjukefråvær fordelt på einingane		
Ansvar/År	2019	2020
Folkevalde/HVT	-	
Rådmannen/stab	3,80	2,13
Plan og forvaltning	6,20	1,18
Oppvekst	9,10	9,66
Bu - og miljøteneste	13,80	7,27
Hels	9,30	12,34
NAV kommune/flyktningetenesta	0,80	8,63
Pleie og omsorg	13,10	8,77
Sogn LMS	4,70	14,36
Kultur og formidling	0,50	0,60
Tekniske tenester/eigedomsforvaltning	4,80	7,11
<b>Lærdal kommune</b>	<b>9,02</b>	<b>8,32</b>

### Likestilling

Det er ei skeiv kjønnsfordeling i fleire sektorar. Lærdal kommune har ei utfordring når det gjeld å auke andelen menn, særleg gjeld dette innan pleie- og omsorg, skule, barnehage og støttefunksjonar. Teknisk er også eit område der vi har tradisjonell kjønnsfordeling sjølv om det kan sjå annleis ut på statistikken. Alle vaktmeistrane og brannmannskapet er menn, og dei fleste fast tilsette reinhaldarane (med unntak av ein), er kvinner.

Lønnskilnad mellom kvinnlege og mannlege leiarar var eit tema i lønsforhandlingane som arbeidsgjevar tok opp, og 3 kvinner har følgje av dette fått heva løna si frå 2021.

Generelt er det for få menn i kommunen, og det bør utarbeidast strategiar for å oppnå ein betre kjønnsbalanse ute på arbeidsplassane.

### Heiltid og deltid

Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen var i 2020 på 78 %. Det er framleis mange tilsette i Lærdal kommune som arbeider deltid, og det må arbeidast aktivt for å redusere bruk av uynskt deltid for tilsette i heile kommunen og ha fokus på heiltidskultur. Samstundes som me arbeider aktivt for at tilsette skal få arbeide i større stilling, ser me mange, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i reduserte stillinger. Ein del av dei som jobbar deltid gjer dette av helsemessige grunnar.

I delar av kommunen som kultur og brannvesen er det ein del småstillingar, her bør ein sjå om det let seg gjere å kombinere fleire oppgåver på tvers av tenesteeiningane for å få mest mogleg heile stillingar (for brannmannskapet er det ein del som jobbar ved teknisk).

### Helse, miljø og tryggleik

Kommunen har avtale med Avonova (tidl. Stamina) som bedriftshelseteneste. I handlingsplanen som er utarbeida skal fokuset vere på eit heilskapleg HMS-arbeid og risikovurdering. Kommunen sin kontaktperson i bedriftshelsetenesta deltek på møter i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). I 2020 ferdigstilte me HMT handboka for Lærdal kommune. Dette har vore eit arbeid me jobba med i 2019 og 2020.

Hausten 2020 gjennomførte me vernerundar i heile kommunen. Dette arbeidet vart prioritert, og vernerundane vart gjennomført i tett samarbeid med FDV og einingsleiarane. Alle rapportane frå desse rundane skal ligge i Compilo.

Medarbeidarundersøking vert gjennomført annakvart år, siste gong i desember-2019.

### **Vidareutdanning i 2020**

I pleie- og omsorg er tre tilsette ferdig med vidareutdanning i 2020. To sjukepleiarar har teke palliativ etterutdanning og ein har teke utdanning innan psykiatri. I tillegg har fire tre sjukepleiarar og ein vernepleiar i pleie- og omsorg teke akuttmedisinsk eldreomsorg i 2020.

Lærdal kommune er flinke til å ta imot lærlingar, i 2020 hadde me ni.

## **Tenesteeiningane**

### **Folkevalde**

Dette ansvaret består av dei folkevalde og deira møte, råd for eldre og funksjonshemma. Og kontrollutval og revisjon.

Hovudtal frå Driftsrekneskaperen	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Avvik 2020
Totalt ansvar 100	2 859 532	3 491 096	3 589 235	631 564

Ansvaret folkevalde kom ut med eit mindreforbruk på kr 631 564,-

Grunn er mindre kostnader til reise, møtegodtgjersle og tenestefrikjøp (refusjon løn)

Det var også budsett med forvaltningsrevisjon i 2020, noko som ikkje vart gjennomført.

### **Politisk aktivitet i 2020**

Etter kommunevalet 9. september 2019 vart den politisk samansetninga som følgjer:

Kommunestyret 2019 – 2023:

Arbeiderpartiet 8 representantar

Senterpartiet 5 representantar

Høgre 2 representantar

Sosialistisk venstreparti 2 representant

Formannskapet 2019-2023:

Arbeiderpartiet 2 representant

Sosialistisk venstreparti 1 representant

Høgre 1 representant

Senterpartiet 1 representantar

Ordførar Audun Mo (AP)  
Varaordførar Jan Olav Fretland (SV)

Eit oversyn over tal møte og saker går fram av tabellen.

Utval	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
	2020		2019		2018		2017	
Kommunestyret	8	114	9	135	8	93	8	108
Formannskapet	14	243	11	185	15	194	20	201
Administrasjonsutvalet	6	23	6	17	12	44	13	39
Utval for levekår	1	3						
Utval for miljø og samfunnsutvikling	1	3						

### Kontrollutvalet

Kommunelova kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Det er kommunestyret som har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga jf. KL § 76, men kommunestyret vel eit kontrollutval til å stå føre det løpende tilsynet med den kommunale forvaltninga jf. KL § 77.

Kontrollutvalet legg fram eiga årsmelding til kommunestyret.

### Råd for eldre og funksjonshemma

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er heimla i eigne særlover. Rådet skal ha høve til å uttala seg i sakar som kan ha påverknad for desse to gruppene.

Sitjande råd vart vald av Lærdal kommunestyre hausten 2019.

#### Medlem:

Anne Marie Hovland

Bjørg Nesse

Jostein Bøthun

Inger Solheim

Viktor Yttri

#### Personleg varmedlem:

Ada Walla

Marit Steinheim

Anne Helene Bergmål

Gunnstein Husdal

Janne Marie Reppen

Rådet hadde konstituerande møte 13. januar der Anne Marie Hovland vart vald til leiar og Bjørg Nesse til nestleiar.

Rådet har hatt 4 møter i 2020, tema på desse møta har vore:

- orientering frå rådmann om økonomi og saker som er til handsaming
- orientering frå ordførar om politiske saker og utvikling
- Arealplanleggjar har informert om planarbeid og prosessar vedrørande dette
- orientering om plan for klima, miljø og energi

- Den kulturelle spaserstokken

Medlemene i rådet deltok på Vestland Fylkeskommune sitt opplæringswebinar , dette var over 2 dagar.

Leiar deltok på digital fagdag vedrørande aldersvenleg samfunnsplanleggjring; og møtte i Utval for levekår for å informera om Rådet og oppgåvane til rådet.

I løpet av året har Rådet uttalt seg om desse sakene:

- Plan for klima, miljø og energi
- Reguleringsplan for Losjehustomta
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Økonomi- og handlingsplan 2021-2024
- Ny golfbane på Ljøsne

I møte med rådmann og arealplanleggjar har ein lagt stor vekt på Stortingsmelding 15 Leve, heile livet, og at arbeidet med denne vert implementert i det øvrige planarbeidet i kommunen.

Regionmøtet i Luster vart avlyst, likeeins Eldredagen 2020. Dette er arrangement ein vil prøva få til når koranotiltaka opnar for det.

### Rådmann

Under ansvar 110 ligg hovudtillitsvalde og rådmann.

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Avvik 2020
Totalt ansvar 110	2 458 858	2 585 518	2 417 636	126 660

Rekneskapen for 2020 syner eit mindreforbruk på kr 126 660. Det vart i utgangspunktet budsjettert med stilling som assisterande rådmann delar av året, stillinga kom ikkje på plass, men ein nytta tidlegare konstituert rådmann i stillinga deler av året.

### Kyrkja

Årsmelding og rekneskap for kyrkja i Lærdal ligg som vedlegg til Lærdal kommunen si årsmelding

### Næring

Lærdal Næringsutvikling AS (LNU) er eigd av Lærdal kommune (65,9%) og Lærdal Næringerssamskipnad (34,1%). Formålet til selskapet har vore å arbeida aktivt for å fremja næringslivet i Lærdal, og utforma planar for næringsutviklingsarbeidet i kommunen. LNU har jobba med utvikling av eksisterande næringsliv og legg til rette for nyetableringar. Selskapet utfører fyrstelineteneste og har gjeve råd og rettleiing til etablerarar. Vidare har LNU handsoma søknader om tilskot frå Lærdal kommune sitt nærings- og konsesjonsavgiftsfond, og har gjeve tilråding i slike saker til formannskapet.

I 2020 fekk Lærdal kommune tildelt ekstra næringsmidlar frå Vestland fylkeskommune øyremerka til næringslivet som kompensasjon for koronapandemien. Kommunestyret vedtok tildelingar på i alt kr. 753.511 til ulike verksemder og næringsføremål etter tilråding frå styret i LNU AS.

I november-2020 vedtok kommunestyret å legge næringsapparatet som ein del av den kommunale organisasjonen med verknad frå 1. januar 2021.

Kommunestyret vedtok i slutten av året nye, reviderte vedtekter for nærings- og konsesjonsfondet.

#### *Bruk av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet 2020*

Lærdal kommunestyre vedtok ein rammeplan for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet for 2020, i tråd med tilrådinga frå styret i Lærdal Næringsutvikling AS. Bruk av næringsfondet er spesifisert i note til årsrekneskapet.

#### **Stab og støtte**

##### **Kjerneoppgåver:**

- Avdelinga har ansvar for HR/personal, IKT, tenestetorg, arkiv og post, budsjett- og økonomirådgjeving.
- Følgje opp alle tilsette og einingane i organisasjonen på ein god måte, ha eit overordna blikk på organisasjonen og utviklinga av den.
- Følgje opp dei tilsette i stab og støtte. Sørgje for at me i stab og støtte er tilgjengelege for einingane og publikum i kvardagen. God dialog er viktig for å få den daglege drifta til å fungere optimalt.

##### **Mål/utviklingsområde:**

Lærdal kommune har dei siste åra tilsett mange nye leiarar og rådgjevarar. Framover vil det være viktig å styrke deira kompetanse, og gjere dei trygge i dei rollane dei har. Administrasjonen må gjere ei vurdering på om me skal starte eit utviklingsprogram for desse. Økonomistyring vil være viktig i denne kompetansestyrkinga.

I 2021 vil me revidere alle personalreglement og jobbe med fornying av kommunen sin arbeidsgjevarstrategi, rekruttering og kompetanseutvikling.

##### **Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i kr
12 982 642	12 177 373	805 269

Stab/støtte har i 2020 brukt kr 805 269 mindre enn det me hadde budsjettert med i 2020.

Hovudforklaringa er at me har brukta mindre midlar til lønsutgifter. Både stillinga som Controller (var konstituert som rådmann) og stillinga som rådgjevar oppvekst, har stått vakante deler av året. I tillegg er det brukta mindre midlar til lisensar innanfor IKT enn det som låg i budsjettet.

##### **Vurdering:**

Stab og støtte fungerer godt og har mange dyktige medarbeidarar. Omorganiseringa i 2019 og reduksjon av merkantil stilling knytt til teknisk, har medført at ein del tilsette har fått fleire oppgåver.

Det er eit mål at ein i løpet av 2021 ser gjennom oppgåvefordeling, og behov for endringar.

## Tekniske tenester

### Kjerneoppgåver:

Teknisk eining har eit breitt og komplekst fagområde innanfor drift- og vedlikehald av alle kommunen sine tekniske anlegg, og eininga er ein viktig støttespelar til alle tenesteområde, og ikkje minst ein viktig støttespelar til alle innbyggjarar i kommunen. Arbeidsområde som kan nemnast :

- Kommunale vegar og fylkeskommunale vegar, plassar, parkar, gatelys, m.m.
- Idrettsanlegg og nærmiljøanlegg.
- Vatn- og avløpssystem, reinseanlegg og pumpestasjonar.
- Forvaltning- drift og vedlikehald (FDV) av kommunen sin bygningsmasse.
- Lærdal brann- og redningsteneste, branntilsyn og feiing av piper i kommunen
- Prosjektarbeider i samband med større driftsoppgåver og investeringsprosjekt.
- Ulike forvaltningsoppgåver innan heile det kommunaltekniske fagområdet.

### Viktige hendingar:

I samband med blant anna pensjonsavgangar og organisasjonsendringar er det tilsett fleire nye personar i teknisk eining i 2020:

- Ny leiar for teknisk eining.
- Ny leiar for teknisk drift.
- Ny leiar for teknisk drift, reinhald.
- To nye reinhaldarar

Fast sakshandsamarstilling for teknisk eining vart avvikla i 2020.

### Drift og leiing av teknisk eining:

Det er jobba aktivt med struktur og rutinar i eigen eining, og det er sett i gang fleire prosessar og tiltak. I arbeidet har nyleg utarbeidd forvaltningsrevisjonsrapport for teknisk eining vore viktig, og eininga har nytta rapporten positivt i pågående arbeidet. Blant anna er følgjande tiltak innført:

- Faste leiarmøte i teknisk eining.
- Faste planleggingsmøte på drift og vedlikehald med utarbeiding av skriftelege arbeidsplanar for driftspersonale på reinhald og teknisk drift.
- Vedlikehaldssynfaring alle kommunale bygningar, der samhandlingsmøte med leiarar på bygningane og verneombod har vore viktig del av synfaringa.
- Utarbeidd reinhaldsplanar for bygningane.
- Styrka rapporteringsrutinar med blant anna prosjektgjennomføring.
- Forbetra rutinar ved innkjøp av varer og tenesete.
- Stort fokus på HMS, der blant anna bruk av sikker jobbanalyse (SJA).
- Teke i bruk nytt flott personalbygg under Bergo. Det meste av utstyret/ inventaret her er gjenbruk frå andre bygningar.

**Prosjekt:**

I kommunen har det vore stor aktivitet med ulike prosjekt. Dette gjeld særleg fornying av kommunaltekniske anlegg, og tilrettelegging av næringsområde for næringslivet:

- Hovudplan for vann og avløp. Planlegging og utbygging av Lærdal vassverk, samt utviding av anlegget til Håbakken næringsområde og Tønjum.
- Opparbeiding Håbakken 1. Planlegging og delvis gjennomføring av opparbeidinger ved næringsområdet Håbakken, blant anna opparbeiding av ny tomt til Lærdal Grønt.
- Nytt HMS bygg Brannstasjon. Ferdigstilling og teke i bruk det nye personalbygget.
- Gjennomføring av trafikksikringstiltak i Saltkjelen, og ved Lærdalsøyri skule.
- Asfaltering av kommunale vegar i Saltkjelen, Tønjum, og Lærdalsøyri.

**Mål/utviklingsområde:**

Teknisk eining skal vere ei god fagleg eining som utfører tenestene innanfor kjerneområde på profesjonell og god måte, og skal yte god service til alle tenesteområde og til innbyggjarane.

Eininga gjer ofte store innkjøp av varer og teneste gjennom ulike lokale og eksterne firma, t.d. leverandørar av varer, rådgjevande konsulentar, utførande entreprenørar. Det er høg fokus på at innkjøpa vert handtert på ein fagleg god måte, og i tråd med gjeldande reglar, lover og forskrifter.

Fokus i 2020 har blant anna vore:

- Utarbeide prosjektgjennomføringsmodell, prosjektmodell ved igangsetting av prosjekt.
- Gjennomføringa av innleige av eksterne rådgjevande konsulentar, m.m.
- Utførelsесentreprise i samband med gjennomføring av byggeprosjekt
- Gjennomføringa av innleige av serviceavtalar og anna teknisk bistand frå eksterne firma.
- Gjennomføringa av innkjøp av materialar til bruk i samband med drift- og vedlikehald.
- Rapportering rutinar og evaluering.
- 

**Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i kr
19 820 202	19 888 119	67917

**Sjukefråver:**

2019	2020
4,80 %	7,11 %

- Teknisk eining har eit særleg lågt sjukefråver på reinhald, noko me er veldig stolt av. Her har me ein veldig flott gjeng, som saman skaper eit godt og trygt arbeidsmiljø.
- Me har i 2020 hatt langtidssjukmelding som gjer at gjennomsnittet vert noko høgt.

- Ein noko høg bruk av eigenmeldingar ser ein og i enkelte område. Utfordingar kring Covid 19 har her òg verka negativt inn på sjukefråveret.
- Vi arbeidat aktivt for å få sjukefråveret endå lenger ned.

**Avvik:**

2019	2020
14	7

**Vurdering:**

- Mykje positivt har skjedd i teknisk eining i 2020. Blant anna er nye leiarar er på plass. Nye leiarar må få tid til å komme ordentleg inn i arbeidsoppgåvene.
- Det har vore stor aktivitet i etaten, særleg innanfor prosjekt. Samstundes har eininga slite med langtidssjukemelding i viktige ledd.
- Ein omfattande forvaltningsrevisjonsrapport peikar på forbettingspotensiale for teknisk einig. Denne rapporten har vorte nytta aktivt i 2020.

Teknisk eining ynskjer å vere:

- På lag med bygda og serviceinstilte overfor «kundane våre».
- Profesjonelle, der klare mandat i det me gjer er avgjerande.
- Ein arbeidsplass der ein føler seg trygg, og der det er godt å vere.

**Eigedomsforvaltning (ansvar 115)**

Hovudtal frå Driftsrekneskapen	Rekneskap 2020	Budsjet 2020	Rekneskap 2019	Avvik 2020
Totalt ansvar 115	-1 147 398	-1 629 673	-882 827	482 275

På ansvar 115 eigedomsforvaltning er det eit negativt avvik på kr 482 275 som skuldast at det i 2020 er utført vedlikehald på bygningar og anlegg som ikkje var budsjettert.

**Plan og forvaltning****Kjerneoppgåver:**

- Arealplanlegging, regulering og andre kommunale planleggingsoppgåver
- Kart og oppmålingstenester, matrikkelføring og eigedomssaker –
- Byggjesakshandsaming, utsleppsløyver, ureiningssaker, tilsyn og ulovlegheitsoppfølging
- Koordinatorrolle innan kommunen si satsing på framtidsretta, berekraftig, miljøvenleg og klimasmart samfunn.
- Høyringar av regionale og nasjonale planar, forskrifter, handlingsprogram, konsesjonssaker osv.

- Deltakande i regionale administrative arbeidsgrupper for Indre Sogn Vassområde og Nordfjella Villreinområde
- Prosjektleiing i kommunale bygg- og anleggsprosjekt
- Tverrfaglege arbeidsoppgåver innan trafikktryggleik og vegsamband, folkehelse og klima

#### Viktige hendingar:

Det har vore eit svært travelt år for avdelinga, med mange store og krevjande arbeidsoppgåver. Det har vore mange reguleringsplanar på gang samstundes, både kommunale og private, og det har vore arbeida med fleire store temaplanprosessar og prosjekt. Avdelinga har også vore tungt involvert i utviklinga av Håbakken næringsområde, der me har prosjektleiinga for heile 3 bygg- og anleggsprosjekt. Avdelinga har vore involvert i mange tverrfaglege oppgåver og prosjekt som for eksempel flytting av kommunale funksjonar, klimaarbeidet, Trafikksikker kommune, Ryddeaksjonen osv.

Me fekk Klimasatsmidlar til Klimakoordinator, som var på plass frå juni. Ho har arbeida effektivt med å løfte «Grøne Lærdal» frå ord til handling, integrere klimaomstilling i alle delar av organisasjonen og laga mange konkrete mål og strategiar for kommunen for tida framover.

Ny oppmålar som byrja sommaren- 2020 fekk god hjelp frå Sogndal kommune i opplæringsperioden og kom raskt i gang med arbeidsoppgåvene. Diverre så valde han å takke ja til ei tilsvarende stilling i heimkommunen sin, og slutta ved utgangen av året. Midlertidig er det inngått avtale om tenestekjøp frå Sogndal kommune.

#### Mål/utviklingsområde:

Etter lange periodar med svært mange og store arbeidsoppgåver, i tillegg til periodar med vakante stillingar på avdelinga, har det opparbeida seg etterslep på fleire område. Dette gjeld blant anna nokre større planoppgåver, manglande tilsyn og digitalisering av tenestar og produkt, samt utvikling av informasjonstenestene våre (blant anna heimesida, skjema, rutinar osv). Det er eit mål at avdelinga gjennom ein digitaliseringsprosess skal kunne tilby betre sjølvbetjeningstenestar innan spesielt plan, bygg og eigedom.

Avdelinga vil arbeide for å få på plass gode og føreseielege rutinar for tilsyn og kontroll innan plan og bygg. Avdelinga skal også arbeide for å komme ajour med større planoppgåver, og utvikle gode og informative heimesider for avdelinga. Avdelinga skal også vere aktiv i arbeidet med klimaomstilling, miljøfyrtårnsertifisering av kommunen og utvikling av «Grøne Lærdal».

#### Økonomi/ressurs:

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i kr
1 646 857	1 613 791	33 066

#### Sjukefråver:

2019	2020
6,66 %	1,54 %

**Vurdering:**

Rekneskapen stemmer i stor grad med budsjettet, og det er ingen meldte avvik og lite sjukefråvær på avdelinga. Det er potensiale til å hente inn meir inntekter på sjølvkost, då med større grad av timeføring på prosjekt, internfakturering og større grad av sal av tenestar, tilsyn og vurdering av auke i gebyr på enkelte område. Dette er noko som kan vurderast gjennom budsjettarbeidet.

**Pleie- og omsorg**

**Kjerneoppgåver:**

- Yta helsetenester til innbyggjarane i Lærdal kommune, både i institusjon og i heimen.
- Lærdal bu og omsorgsheim
  - Institusjon – 18 plassar langtid
  - 6 plassar knytt til skjerma eining
  - 4 plasser for korttid/ rehabilitering/ avlasting
- Heimebasert omsorg:
  - Einemo 37: 12 heil døgns bemanna leiligheter
  - 10 omsorgsbustadar
  - Heimesjukepleien
  - Praktisk bistand ( heimehjelp)
  - BPA
  - Matombringning

I tillegg inngår aktivitetstova, demenskoordinator, fysio/ ergo terapi og tilssynslege ved institusjon.

**Viktige hendingar:**

- Stort sjukefråver ved inngangen av året.
- Stor mangel på sjukepleiar-kompetansen i tenesta.
- Bruk av vikarbyrå frå mars til august.
- Covid19 pandemi – genererte stort fråvær som følgje av stengt skule/ barnehage.
- Auka behov medisinsk forbruksmateriell.
- Leiarskifte.
- Omlegging av turnus, frå langvakter til vanlige vakter på helg.
- Stabilisering og nedgang i sjukefråver ved utgang av året.

**Mål/utviklingsområde:**

- Stabilitet og auka nærvær
- Fokus på fag og utvikling
- Fokus på tenestene ein skal levere er, trygge, koordinerte og føreseielege
- Fokus på å halde tildelte rammer

**Økonomi/ressurs**

**Pleie- og omsorg**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik
38 666 408	40 326 701	4,3 %

**Matforsyning**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik
3 507 411	2 270 611	-35 %

### Sjukefråver

2019	2020
13,17 %	8,59 %

### Avvik

2019	2020
135	78

### Vurdering:

2020 har vore eit krevjande år på mange måtar for pleie og omsorg. Stort sjukefråver ved inngangen av året, mangel på sjukepleiar kompetansen, førte til bruk av vikar byrå, ei kortsiktig og dyr løysing.

Sjukefråveret har betra seg storleg gjennom året, ein har fått meir stabilitet både på golvet og i leiing, samt omlegging av turnus som gjer at ein utnyttar sjukepleiar kompetansen på ein betre måte. Ein har også avvikla langvakter for alle på helg, då dette utgjorde ein stor arbeidsbelasting for dei tilsette.

Covid-19 har sett sitt preg på året, både i forhold til meirarbeid med å sikre smittevern, i tillegg til at ein del tilsette har hatt fråvere knytt til born som må vere heime.

Frå 01.10.2020 blei Matforsyning som tidlegare var eiga eining, lagt til pleie- og omsorg sitt ansvar. Matforsyning hadde eit stort mindreforbruk i 2020 knytt til vakant stilling og auke i bestillingar (inntekter).

### Helse

#### Lærdal Helsesenter

##### Kjerneoppgåver:

- Fastlegeansvar for 2 089 personer (har kapasitet til å ha opptil 2 550).
- Ansvar for øyeblikkelig hjelpe for personar som oppheld seg i kommunen.
- Oppfylgjing av ALIS-kandidatar og rapportering til ALIS-vest.
- Tilsynslege ved Lærdal bu- og omsorgsheim.
- Helsestasjonsllege i 20 % stilling med oppfylgjing av barn og unge saman med helsejukepleiar.
- Tilsynslege på KAD på inntil to timer kvar dag heile veka. –
- Koronatesting av innbyggjarar, gjesteinnbyggjarar og tilsette i Helse Førde som jobbar ved Lærdal sjukehus.
- Utført smittesporing og massetesting ved smitteutbrot med Covid-19 i kommunen.

##### Viktige hendingar:

- Ein fastlege sa opp stillinga i si i februar. Ein ALIS-lege kom att frå permisjon i april og same månad før ein anna ALIS lege ut i permisjon. Dei to ALIS (allmennlege i spesialisering)-legane

hadde begge permisjon for å gjennomføre eitt år i spesialisthelsetenesta for å kunne verte spesialist i allmennmedisin.

- Utlysning av legar, både fast og vikariat. Det syner seg vanskelig med legerekruttering i bygda og i småbygder generelt. Ein person har meldt si interesse, men treng språkopplæring først.
- Me fekk ikkje LIS-1/turnuslege frå mars til september, noko som skapte ekstra belastning på legane desse månadane. LIS1 praktiserer i 6 månader og har mange kompetanseområder som dei skal vere innom i tida hjå oss. Dei går inn i drift og jobbar vakter på lik linje med dei andre legane. Å ha ein god LIS-1 er ein ressurs for eit lite legekontor.
- Covid-19 utbrot: baud på utfordringar knytt til gjennomføring av konsultasjonar på video då me ikkje har praktisert dette tidlegare. Me nyttja telefonkonsultasjon då me ikkje fekk opp å gå videokonsultasjon. Me hadde færre pasientar inne på venterommet samstundes og sette i verk ekstra reinhold jmfr smittevernrutinar.
- Oppretting av koronasentral på gamle vegstasjonen i Lærdal. Føremålet med denne var å kunne tilby time til pasientar med luftvegssymptom der me ikkje kunne utelukke korona. Me nyttja også lokalet til influensavaksinering for å unngå for mange folk på Helseenteret samstundes.
- Utbrot av Covid-19 på innbyggjarar i kommunen. Me hadde før utbrotet samla eit smittesporingsteam som fekk i oppgåve å utføre testing og smittesporing.

#### Mål/utviklingsområde:

- Sikre stabile legetenester for innbyggjarane våre. Syte for at dei får den helsehjelpa dei til ei kvar tid har rett på.
- Tilrettelegge for at personell som arbeider på legevakt og legekontor gjennomfører lovpålagd opplæring innan akuttmedisin.
- Tilrettelegge for legar i spesialisering.
- Tilrettelegge for meir veiledning og supervisjon av LIS-1.
- Oppdatere prosedyrar i Compilo.
- Utføre spørjeundersøking blant innbyggjarane våre for å setje sørkelys på tenestene våre og for å kunne evaluere/forbetre tenesta.

#### Fysio- og ergoterapitenester

#### Kjerneoppgåver:

- Mesteparten av tida til fysioterapeutane går til behandling og annan oppfylgjing av pasientar. I 2020 hadde me 167 nye pasientar, i tillegg til dei med behov for oppfylgjing over år. Ventetida har vore kort pga. 100% ekstra ressurs i turnusfysioterapeuten.
- Fysioterapi ved LBO 30% stilling (20% frå 12.feb 2021).
- Fysioterapi til born og unge i barnehagane og skulane etter behov.
- Rettleiing pasientar, pårørande og andre samarbeidande yrkesgrupper.
- Deltaking og koordinering i ansvarsgrupper.
- Førebyggande arbeid (færre gruppentreningar pga coronarestriksjonar).
- Meirarbeid med ekstra reinhold etter kvar pasient.

- Ergoterapeut er tilsett i 60%, men i tillegg frikjøpt 20% frå Helse Førde for å vere prosjektleiar i Velferdsteknologiprosjektet. Jobba med å implementere velferdsteknologi i omsorgstenestene.
- Ergoterapeut har jobba kontinuerleg med hjelpemiddelformidling, bustadtilpassing, rehabilitering, førebygging og kartlegging av funksjons- og meistringsnivå for brukarar i heim, barnehage, skule, omsorgsbustadar og kort- og langtidsplassar på sjukeheim.
- Ergoterapeuten er leiar for Frisklivssentralen og hatt individuell oppfølging her. Redusert gruppetilbod pga. Covid-19, men auke i tilvisingar frå lege.

I perioden der tenesta var nedstengt på grunn av korona jobba ein med andre oppgåver som utarbeiding av prosedyrar, bistand til omsorgstenesta m.m.  
Ein fysioterapeut og ergoterapeuten er sentrale aktørar i smittesporingsteamet, og har fått ansvaret for å skriva plan for habilitering/rehabilitering.

#### Viktige hendingar:

- Røykesluttkurs haust 2020
- Ein fysioterapeut og ergoterapeuten har teke BraMat kursleiarkurs, webinar.
- Me har hatt ei grundig gjennomgang av heile fysioterapitenesta etter kommunestyrevedtak om det i budsjettprosessen 2019. Konklusjonen i denne gjennomgangen/evalueringa var at ein beheld dei stillingane ein har i desember 2020. Turnusfysioterapeuten er noko usikker stilling, då storleiken på kull ved høgskulen vil variera, og turnusplassane ute i distrikta er dei plassane som vert sist valgt.
- Barnenettverksmøte for fysioterapeutar i Sogn har føregått via Teams. Me har også delteke på nokre webinar blant anna om lungefysioterapi, cerebral parese og «Møteplassen» som er for koordinerande eining. Det har elles skjedd lite utanom vanleg pasientarbeid, det meste har vore avlyst eller utsett pga corona.
- Ergoterapeut har deltatt på ulike webinarar med NAV Hjelpemiddelsentral, ergonettsverk i Indre Sogn og liknande.

#### Helsestasjonstjenester

#### Kjerneoppgåver:

Helsestasjonstjeneste: skulehelsetjeneste, helsekontrollar, vaksinering, førebyggjande helsearbeid.

#### Arbeid med flyktningar.

- Graviditetskontrollar.
- Smittevern.
- Viktige hendingar:
  - Mykje uro blant ungdomane, utfordrande klassemiljø i fleire klassar.
  - Alvorlege barnevernssaker.
  - Samarbeid med kommunepsykologen som starta ved årsskifte. Me er kome godt i gang med samarbeidet.

- Redusert bemanning på helsestasjonen på grunn av sjukmelde. Dette har vore belastande og tjenester og enkelte oppgåver er vorte utsett.
- Mykje av tida er vorte brukt i arbeidet rundt korona i år. Enkelte oppgaver er blitt utsatt pga dette.
- 

#### Mål/utviklingsområde:

- Få til betre tverrfaglig samarbeid rundt brukarane vår. Me ynskjer å få til gode rutinar rundt samarbeid med ulike instansar.
- Vera meir og lettare tilgjengelig.
- Satsa på psykisk helse, tidleg innsats.
- Utvikle tenesta og få til tettare oppfølgjing av flyktingar. Me ser at dei fortsatt har eit behov for dette
- Auka datakunnskap, då personalet manglar kompetanse. Det vert stilt større krav til digitalisering og det er mangel på IKT hjelp.

#### Økonomi/ressurs

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
8 490 236	10 265 188	21

Eit svært utfordrande år på grunn av eit stort forbruk av vikarar frå byrå. I tillegg har prisane auka då etterspurnaden på legar har vore stor i heile landet. Noko redusert inntekt på grunn av korona jamfør utgiftene me hadde i fjar på same tid.

Brukte vikar på hjelpepersonell sida pga auka arbeidspress i samband med korona. I tillegg fekk ein ekstra utgifter pga havari på to apparat på laboratoriet og til innkjøp av smittevernsutstyr.

#### Sjukefråver:

2019	2020
9,29%	12,39 %

Det har vore eit auke i sjukefråværet som kan relaterast til ei ustabil legedekning og koronautbrotet i mars. Koronautbrotet skapte ekstra stort arbeidspress blant dei tilsette.

Dette har vore krevjande for dei andre, og skapt utfordringar for tenesta.

#### Avvik:

2019	2020
1	4

Eininga har fått eit større fokus på å melde avvik i tenesta.

## Bu- og miljø

### Kjerneoppgåver:

- Psykiatribustaden
- Tenester for personar med nedsatt funksjonsevne
- Psykisk helse og rus
- Aktivitetshuset
- Budbilen
- Konsulent for funksjonshemma
- Edruskapsvern

Bu og miljøtenesta leverer ulike tenester til personar med psykiske lidinger og/eller nedsatt funksjonsevne.

Tenesta disponerer totalt sju bustadar og ein fellesleilighet. I bustaden er det heildøgnsdrift. I heildøgnsdrifta er det turnus med langvakter på 13 og 14 timer. Denne ordninga har fungert svært godt i fleire år både for tilsette og brukarar. Brukarane har den same tilsette å forholda seg til heile dagen.

Tenesta har også ansvar for brukarar som får teneste frå private aktørar, samt heimebuande brukarar.

På Doktorheimen aktivitetssenter har ein ulike aktivitetstilbod. Psykisk helse og rus har blant anna ansvar for eldrekafe ein dag pr. veka og faste turdagar. Psykisk helse skal være eit lavterskelttilbod. Tenesta er i utgangspunktet på dagtid, men i periodar har me valt å innføre ei seinvakt pr. veka for å få ein endå meir tilgjengeleg teneste.

Budbilen er eit aktivitetstilbod/arbeidstrening der ein kører internpost i Lærdal og Aurland kommune. Ein kører medisin for apoteket og har i tillegg fått avtale med Coop Extra om henting av varer.

Aktivitetshuset er eit dagtilbod for personar med nedsett funksjonsevne. Aktivitetshuset har i 2020 fått auka aktivitet. Fleire brukarar nyttar tilboden og det er investert i meir utstyr. I tillegg har tenesta ansvar for støttekontakt, omsorgslønn og brukarstyrt assistent. Avlastningsbolig vart starta opp hausten 2020. Dette er eit tilbod til personar med nedsett funksjonsevne.

### Viktige hendingar:

- Skifte av einingsleiar
- Nye brukarar og endring av privat aktør som tilbydar av heildøgnteneste utanfor kommune
- Oppstart av avlastningstilbod
- Ny årsturnus
- Oppseing av avtale med Brukthjørna

### Mål/utviklingsområde:

- Framleis yte gode tenestar
- Utvikle dagtilboden til brukarar
- Halde nede bruk av overtid og jobbe vidare med sjukefråvær
- Fagleg utvikling for dei tilsette

- Evaluering og oppdatering av prosedyrar i Compilo

**Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
16 801 897	16 639 327	-1

Årsaken til mindreforbruket er blant anna at det vart tilsett mindre ressursar på nytt vedtak enn budsjettert.

**Sjukefråver:**

2019	2020
13,76 %	7,68 %

Sjukefråværet har i 2020 gått ned samanlikna med 2019. Fråveret er primært langtidsfråver.

**Avvik:**

2019	2020
22	16

Avvika går for det meste på medisinhandtering. Bu – og miljøtenesta er i gang med utarbeiding av nye prosedyrar knytta til medisinhandtering.

**Vurdering:**

2020 har vore eit år med mange utfordringar. Det har vore byte av leiar i Bu- og miljøtenesta samtidig som det har vore ein del endringar i eininga. Me har fått på plass nye brukarar og nytt avlastningstilbod. Det har og vore byte av privat aktør.

Eininga har hatt utfordringar med å ha nok bemanning, og difor også å unngå overtid. Det er no på plass ny årsturnus med rett bemanning. Det har og vore endringar i drifta grunna covid 19.

Dagtilboden til brukarar har vore stengt i lengre tid. Dette har ført til at me har brukt ekstra ressursar for å gje brukarane eit tilbod på dagtid.

**Lærdalsøyri skule**

**Kjerneoppgåver:**

- Obligatorisk undervisning for grunnskuleborn
- Spesialundervisning etter sakkunnig vurdering
- Opplæring av barn frå språklege minoritetar
- Vaksenopplæring for heile kommunen (frå og med 2021 er den flytta til flyktningtenesta)
- Skuleskyss for heile kommunen, skulerute
- Skulefritidsordning (SFO)

**Viktige hendingar:**

*Heimeskule og skule på raudt og gult nivå*

Då Noreg grunna pandemien stengde ned 12.mars 2020, har vi gjennomført heimeskule og skule på raudt og gult nivå. Heimeskule pågjekk i fem veker for 1.-4.klasse og sju veker for 5.-10.klasse. Skulen tok i heimeskuleperioden for 1.-4.kl. i mot born som har foreldre i samfunnskritiske yrke. Det var fagarbeidarane og assitentane som hadde tilsyn og ansvar for aktivitetar. Alle lærarane hadde undervisning på digital plattform (Teams). Skulen sine trinn-, plan- og samarbeidsmøte føregjekk på Teams. Rektor, inspektør og sekretær var til stades på skulen.

Frå 27.04. (1.-4.) og 12.05.(5.-7.) og fram til 2.juni hadde vi skule på raudt nivå i samsvar med koronaveiledar for grunnskulen. Klassar måtte denne perioden vere delt i mindre kohortar både inne og ute. For å ha nok lokale, fekk to kohortar vere i eksterne lokale (vaksenopplæringslokala) og to kohortar i Storstova med tilrådd avstand. Det vart gjort endringar på timeplanane, for å sikre at vi var innanfor smittevernreglane. Nokre lærarar hadde denne perioden auka stillingsprosent. Mange klassar hadde uteskule deler av dagar eller enkeltdagar.

Både munnleg og skriftleg eksamen vart avlyst. Avgangselevane fekk vitnemål, men berre med standpunktakrakter, ikkje eksamenskarakter.

SFO måtte i periodar ha redusert opningstid for å halde smittevernreglane knytt til reinhald. Grunna kohortinndeling, måtte det vere ekstra personale til stades.

Frå 2.juni gjekk skulane over på gult nivå og var på dette nivået ut desember. Klassar som var delt i to kohortar på raudt nivå, kan på gult nivå vere saman og danne ein kohort. Klassane kunne difor tilbake i eigne klasserom. Med godt reinhald og gode rutinar for handsvask og eigne område for kohortane, har vi kunne gjennomført tilnærma vanleg undervisning.

Det er utarbeidd rutinar for heimeskule, skule på raudt nivå og skule på gult nivå. På den måten er vi betre førebudd enn for eit år tilbake.

*IKT-satsing*

Det vart kjøpt inn følgjande med investeringssmidlar for 2020:

- 85 PCar (kjem i bruk våren 2021)
- 6 iPadar med deksel

iPadar til 1.-4.klasse var ført på investering i 2019, men kom først i bruk i mars 2020. At desse var på plass før heimeskulen vart sett i verk, var svært viktig for opplæringa vi kunne gje i denne perioden.

I tillegg er det kjøpt inn for tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren (fylkesmann) til heimeskule:

- 20 PCar
- 20 headset
- Lisensar til ulik programvare

*Status desember 2020:*

Alle elevar 1.-4.klasse har iPad. Elevane i 5. og 6.klasse deler på 12 PCar (gamle PCar). 7.klasse-elevane fekk seinhaustes eigne, nye PCar .

8a og 8b deler på eitt klassesett.

9. og 10.klasse har eigne klassesett av PCar (mange av PCane er gamle).

#### Mål/utviklingsområde:

- Redusere tal enkeltvedtak etter § 5.1 (spes.ped) ved å nytte ressursar til styrking og tilpassa opplæring. Her er tett samarbeid med PPT.
- Fagfornyinga : Vi jobbar med Utanningsdirektoratet si kompetansepakke. Vi mottok Dekomp-midlar og samarbeider med HVL.
- Kompetanseheving: To fullførte vidareutdanning våren 2020, (musikk og PfDK), og ein lærar tok til på norsk 1-7 i august 2020.

#### Økonomi/ressurs:

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
23 195 212	22 558 670	2

#### Sjukefråver:

2019	2020
8,78	8,88

#### Avvik:

2019	2020
7	10

#### Vurdering:

Dei tilsette ved skulen har gjort ein fantastisk jobb i tida der skulen har vore prega av dei strenge koronatiltaka. Ein ekstra stor innsats vart gjort i heimeskuleperioden då mange elevar hadde behov for kontakt med lærarane sine utover den ordinære skuletida. Skulen har fått ein ekstra løft inn i den digitale utviklinga.

Overforbruk i budsjett skuldas auka bruk av pedagog for å kunne ivareta smittevern i klassane i forhold til korona, gjeld både på gult og raudt nivå. Det er og nytta noko ekstrahjelp (assistentar/fagarbeidararar) i både skule og SFO av same grunn. Overforbruk skuldast og manglande brukarbetaling til SFO på grunn av korona.

Det var også budsjettert med tilskot til auka lærartettleik i skulen. Dette tilskotet kjem ikkje lengre direkte inn på skulen sitt budsjett, men som ein del av eit rammetilskot til kommunen.

Noko av overforbruket skuldas og nye hjelpebehov hjå barn.

Sjukefråværet i 2020 ligg på 8,88%. Det har vore rutine på å ta kontakt med fastlege, som har ført til testing ved lette symptom og karantene fram til testsvar. Dette utgjer fleire dagar/større sjukefråvær enn det hadde vore i normale tider.

## Lærdalsøyri barnehage

### Kjerneoppgåver:

Lærdalsøyri barnehage vert drifta i tråd med Barnehagelova og tilhøyrande forskrifter, der me skal gi eit pedagogisk omsorgstilbod til barn i førskulealder.

### Viktige hendingar:

Barnehagen har på lik linje med andre einingar i kommunen måtte legge om den daglege drifta etter pandemien råka i mars 2020. Den første perioden frå 12.mars til slutten av april vart alle landets barnehagar pålagd å stenge. Samtidig skulle barn der foreldra hadde samfunnskritiske stillingar ha eit tilbod. Gjenopninga med strenge retningslinjer i høve kohortinndelingar med få barn per gruppe gav krevjande utfordringar i høve tilstrekkeleg personale, samtidig som tilsette i risikogruppa ein lengre periode ikkje kunne arbeide i barnehagen.

Ved drift på raudt og gult nivå har barnehagen drifta med kortare opningstid frå 07.00-16.00. Vanleg opningstid er 06.45-16.30.

Lærdalsøyri barnehage fekk ny einingsleiar 01.07.2020, etter at tidlegare leiar slutta 30.04.20.

### Mål/utviklingsområde:

Lærdalsøyri barnehage samarbeider med Borgund barnehage om utviklingsarbeid. Barnehagane fekk tildelt Rekomp midlar kr 165 000,- for barnehageåra 2020-2022. Utviklingsarbeidet er knytt til den landsomfattande satsinga Inkluderande barnehagar og skular (IBOS), som me har jobba med gjennom ein lengre periode før midlane vart tildelt. Gjennom Rekomp-midlane skal me jobbe meir i djupna på vaksenrolla i barnehagen, og samarbeider tett med Høgskulen på Vestlandet der Dag Skram og Solrun Samnøy er våre ressurspersonar i prosjektet.

Me arbeider med Sogn Regionråd si satsing «System for styrka læring» der me vert kursa i Psykisk helse for barnehagebarn. Me har kome godt i gong med eit systematisk arbeid kring arbeidsmiljø og sjukefråvær. På slutten av året såg me ei god trend der sjukefråværet vart lågare for kvar månad.

### Økonomi/ressurs:

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
11 848 248	12 254 235	-5,1

### Sjukefråver

2019	2020
8,43%	12,84 %

**Avvik**

2019	2020
6	10

**Vurdering:**

Lærdalsøyri barnehage har levert eit godt årsresultat økonomisk, trass i at me har hatt ein god del fråvær knytt til korona-pandemien. Strenge retningslinjer i høve smittevern gjer at ein skal ha låg terskel for å halde seg heime ved symptom på Covid-19. Barnehagen har løyst denne krevjande utfordringa takka vere eit personale som strekk seg langt for å gje barna eit trygt og godt barnehagemiljø. Ein periode utan styrar påverka og totalrekneskapen.

Resultata ved foreldreundersøkinga som vart gjennomført i desember 2020 syner at foreldra jamt over er godt fornøgd med tenestene me leverer. Gjennomsnittleg skårar me 4,5 av 5 moglege i undersøkinga der 58% av dei inviterte svarte på undersøkinga. Dårlegast skåra me på ute- og innemiljø (4,0) der fleire gjer uttrykk for å vere ganske misfornøgd med barnehagen sine leiker og utstyr, samt mattilbod. Mattilboden vart stogga etter gjenopninga av barnehagane i april og fram til desember då me starta opp att med smørelunsj.

Einingsleiar har god dialog med dei tillitsvalde og verneombod med faste medråderettsmøte kvar månad. Der vert det gitt tilbakemelding om eit godt arbeidsmiljø, der ein opplev at overgangen til ny einingsleiar har gått bra.

**Oppvekst Borgund****Kjerneoppgåver:**

Obligatorisk undervisning for grunnskuleborn 1.-7. klasse ved Borgund skule.

- Spesialundervisning etter sakkunnig vurdering ved Borgund skule
- Opplæring av born frå språklege minoritetar ved oppveks Borgund
- Barnehagetilbod i Borgund barnehage
- Barnehagetilbod til flykningar og innvandrarar ved Borgund barnehage
- Spesialpedagogiske førskuletiltak ved Borgund barnehage
- SFO

**Viktige hendingar:**

- Ny einingsleiar frå 01.08.2020.
- Koronasituasjonen/smittevern har utfordra og utvikla oss

**Mål/utviklingsområde:**

- Oppvekst Borgund skal vera ein trygg og god opplæringsarena, der trivsel og læring står i sentrum
- Nulltoleranse mot mobbing
- Lesing er eit satsingsområde

**Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i kr
6 548 436	6 612 401	63 965

**Sjukefråver:**

2019	2020
11,73 %	6,76 %

**Avvik:**

2019	2020
1	0

**Vurdering:**

Overforbruket er for det meste pga pedagogiske ekstratiltak. I tillegg skuldast overforbruket vikarbruk på skulen då ein arbeidstakar vart friteken for undervisning under koronatiltaka i våren-20. Ekstra lønskostnadane for pedagog grunna auka administrasjonstid frå 01.08.2020.

Oppvekst Borgund har i heile hausthalvåret lagt til rette for lite vikarbruk – for å minimera overforbruket så mykje som mogeleg.

**Kultur****Kjerneoppgåver:**

- Legge til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod.
- Formidle og syte for at viktige kulturminner vert teken i vare
- Drifte tenestene ungdomsklubb, kulturskule, kino, bibliotek og frivilligentral.

**Viktige hendingar:**

Pandemien sette ein stoppar for ein del av arbeidet på kulturfeltet. Både kino, bibliotek, frivilligentral, ungdomsklubb og kulturskule var stengt i periodar. Eininga har vore utan leiar sidan juli. Ny tilsett frå september, kombinert stilling rådgjevar oppvekst og kultur.

**Ungdomsklubben KOSEN**

Ungdomsklubben Kosen var stengt frå 12 mars - 1.oktober, og opna då i nye, midlertidige lokaler i Øyraplassen 14. Arbeidar med å finne nye lokaler til ungdomsklubben. Gamleskulen er vedtatt lagt ut for sal.

Ungdomsrådet starta opp i november – inngår i møteplan frå januar 2021. Rådgjevar kultur og oppvekst fungera som sekretær og koordinator for rådet. Ordførar har delteke på alle møte.

#### *Lærdal kulturskule*

Kulturskulen var nedstengt frå 12.mars med digitalt tilbod frå april (Teams). UKM 2020 vart avlyst lokalt grunna Covid -19. Kulturskulen har tilsett ny rektor og to nye medarbeidrarar.

Kulturskulen hadde i 2020 82 elevar fordelt på fylgjande disiplinar: Song, gitar, bass, slagverk, piano, band, marimba, drama og biletkunst. I tillegg var ein av lærarane våre på besøk på aldersheim og i barnehage kvar veke.

Det er i alt 8 medarbeidrarar ved kulturskulen, dei fleste i høvesvis små stillingar. Stillingsressursen var om lag 180% administrasjon inkludert. Mot slutten av året starta planlegging av "ny giv" frå hausten 2021 - med nye tilbod og ein meir "synleg" kulturskule.

Kulturskulen har hatt samarbeid med skulane og det er utarbeida ein forprosjektplan på «korps i skulen». I tillegg er det kulturskulen som har musikkundervisninga på skulane (50% LØS og 5%/1.time på Borgund). Kulturskulen er og med i utarbeiding av plan for DKS 2021 i lag med skulane og Ungdomsråd/elevråd.

#### *Kulturkontoret*

Kulturkontoret hadde 50% vakanse frå juli – september. Ny tilsett frå september. Inngjekk ny treårig driftsavtale med Statens Vegvesen om skjøtsel av historiske vegar. Kulturkonsulent har bidratt i arbeidet med ny nettside.

#### *Kulturminne og kulturvern*

Brannsikringsprosjektet har hatt lite framdrift i 2020, men det er midlar att frå 2019 som skal brukast i 2021. Eit nytt bygg er blitt fullsprinkla i prosjektet i 2020.

Kulturkonsulent er sekretær for fagrådet for Gamle Lærdalsøyri. I 2020 har det blitt arbeida med ein brosjyre om informasjon til huseigarane i verneområdet og fagrådet har hatt 3 møter.

#### *Arrangement og kultursal*

Tiltak gjennom den kulturelle spaserstokken har i lite grad blitt gjennomført. Tiltak gjennom den kulturelle skulesekken har blitt gjennomført, men med fleire digitale arrangement.

17. mai vart annleis enn venta i 2020. Her vart det overført midlar frå kulturmidlane for å gjennomføre ei alternativ 17. mai.

Nye stolar til Kultursalen vart bestilt etter anbodsrunde i september/oktober – montering skjer i 2021

#### *Kunst og museum*

Sogn kunstsenter var planlagt å halde stengt i 2020 grunna covid-19, men frivillige gjekk saman og holdt museet ope to dagar i veka. Det var ikkje ny utstilling, då den vart utsatt til 2021. Totalt besøkande i Sogn kunstsenter 2020: 160

Det har blitt arbeida med å få på plass ein ny avtale med Musea i Sogn og Fjordane etter at førre driftsavtale vart sagt opp i 2019. Utkast til ny avtale vart sendt over i slutten av oktober.

Post- og telemuseet holdt ope i tre veker i 2020. Totalt besøkande: 293

Kunstprosjektet Holdeplassen kom godt i gang i februar, men stoppa opp i mars. Det har vore framdrift i prosjektet gjennom digitale møter, men tatt lengre tid enn venta.

#### *Lærdal folkebibliotek*

Administrasjonen la fram sak om flytting av bibliotek, saka er utsatt til 2021.

Utlån 2020: 6284 + 257 ebokutlån.

Besøk 2020: 4356.

Arrangement 2020: 18 arrangement med 319 deltagarar. I tillegg vart det gjennomført fleire digitale arrangement.

Utlån på biblioteket har auka med 10% trass reduserte opningstider.

Det er i 2020 inngått ny samarbeidsavtale med biblioteka i regionen.

#### *Lærdal kino*

Lærdal kino vart hardt råka av pandemien, både med nedstenging og med utval på film. Dette gav utslag på besøkstal. Besøkstal for 2020: 1413, mindre enn det halve samanlikna med året før. Det vart sett opp 47 framsyningar, med eit snitt på 30 personar per framsyning, noko me etter forholda er bra.

Eit høgdepunkt var å få i stand gatebil-treff i høve premieren på Børning 3, med utseld framsyning!

#### **Mål/utviklingsområde:**

- Ny kommunalplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vart utarbeida og vedtatt. Gjeldande frå 2021-2024.
- Lærdal folkebibliotek har gjennom fleire prosjekt fornysa seg og tilbyr no fleire tenester enn før. Utlånastalet har auka, trass mindre opningstider.

#### **Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
5 953 722	5 273 201	-11

Budsjettet for 2020 vart auka grunna høgare husleige for Øyraplassen 14. Eigedomsselskapet tok ikkje over bygget før oktober 2020, og kultur betalte redusert husleige fram til dette.

I tillegg har ansvar 151 fått inn prosjektmidlar:

250.000 kr frå Nasjonalbiblioteket: Biblioteket i sentrum (overført frå 2019)

16.000 kr frå Vestland fylkeskommune: Digitale Lærdal (digitalt formidlingsprosjekt) 16.000 kr frå Kommunal og digitaliseringsdepartementet: Dighjelpen (overført til 2021)

**Sjukefråver:**

2019	2020
0,5%	0,6%

**Avvik:**

2019	2020
0	1

**Vurdering:**

Kulturtenestene vart råka av pandemien, og mykje av aktiviteten stoppa opp. Men det har gitt oss høve til å tenke nytt kring dei tenestene me tilbyr. Me ser at kulturfeltet og bruken av det er i endring og me må tilpassa oss deretter. Tenesta er i gang med fleire spennande prosjekt som skal gjøre oss betre rusta for framtida

**Landbrukskontoret i ÅLA****Kjerneoppgåver:**

Kontoret har ansvar for landbruksforvaltning for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland i tråd med inngått avtale om interkommunalt samarbeid. Med landbruksforvaltning er her meint vedtak, forvaltning og spørsmål knytt til fleire særlover som regulerer landbruksaktivitet. I tillegg har kontoret stort og omfattande arbeid med statlege og kommunale tilskotsordningar.

Kontoret deltek i planprosessar i dei tre kommunane, og kjem med landbruksfaglege innspel til planar og saker som er på høyring.

Viltforvaltninga er utført på ein god måte med innleigd viltfagleg kompetanse frå Aurland fjellstyre. Skog i Sogn har arbeidsoppgåver knytt til skogbruksforvaltninga med mellom anna godkjenning av landbruksvegar og føring av skogfondrekneskap.

Kontoret har også i 2020 utvida arbeidsoppgåve grunna skrantesjuke på villrein og har ansvar for tilsett CWD-koordinator. Arbeidet er finansiert av Miljødirektoratet i medhald av inngått tjenestekjøpsavtale. Det vert utarbeida eigen detaljert årsrapport, for kontoret sine arbeidsoppgåver.

**Viktige hendingar:**

Det har vore eit travelt og interessant år for kontoret, med mange nye og spennande arbeidsoppgåver å løysa for kommunane. Eit stor nytt arbeidsfelt, er ansvar for tilskot til utvalde kulturlandskap i Lærdal og verdsarvmidlane for Nærøyfjordområde. Til dette arbeidet er det sett av midlar som gjev rom for å tilsetta nødvendig ekstra ressursar. Noko som har vore avgjerande for å løysa alle oppgåver som no er tillagt kontoret.

**Mål/utviklingsområde:**

Kontoret skal i tida framover ha fokus på miljøretta arbeid, med mellom anna klimasmart landbruk og ivaretaking av biologisk mangfold. Det skal og jobbast aktivt med tiltak knytt til Landbruksplan ÅLA 2018-2021. Denne planen skal fornyast i 2021.

**Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
1 855 252	1 535 986	-17

**Sjukefråver:**

2019	2020
3,28 %	4,56 %

**Avvik:**

2019	2020
1	0

**Vurdering:**

For funksjon CWD, er det eit underforbruk med kr 98.332. Dette skuldast tilbakebetaling av underskot for 2019.

Kostnad med ny funksjon i 2020, Utvalde Kulturlandskap (UKL) og verdsarv, er ikkje fullt ut nytta, då arbeidet ikkje kom i gang før litt utover året. Dette er hovudårsaka til at rekneskap for ansvar 116, Landbruk syner eit mindreforbruk med kr 319.266.

**NAV****Kjerneoppgåver:**

- Sosial-lovgjevinga.
- Økonomisk sosialhjelp, økonomisk råd, kvalifiseringsstønad.
- Gjeldsrådgjeving gjennom ÅLA-samarbeid.
- Overordna ansvar for flyktningtenesta (inkl. vaksenopplæringa frå 01.01.2021)

I tillegg kjem den statlege sida av NAV, der arbeidsformidling, tiltaksverkemiddel og sjukefråværsoppfølging er dei sentrale områda.

**Viktige hendingar:**

- Springbrettet, ei satsing på ungdom finansiert av Statsforvaltaren har gitt NAV ein midlertidig ekstra ressurs
- Organisatorisk endring, vaksenopplæringa er ein del av flyktningtenesta (låg tidlegare under leiing av rektor ved Lærdalsøyri skule).

I delar av 2020 har leiar av flyktningtenesta vikariert som NAV-leiar på grunn av permisjon

**Mål/utviklingsområde:**

Nav stat har ein omfattande utviklingsplan på region-nivå, som er forankra i lokalt kontor. I store trekk er det satsing ved at ungdom under 30 år får prioritet. Det er satsa ekstra på bedriftskontakt, og ny lærande arbeidsmetodar. NAV Lærdal og NAV Aurland samarbeider tett, og kan løyse oppgåver på tvers av kommunegrensene.

**Økonomi/ressurs:**

Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Avvik i %
3.692.551	2.625.551	29

Dette året var det brukt om lag kr 600.000 mindre til sosialhjelp enn året før. Variasjon mellom åra er vanleg. Ein del refusjonar i ettertid, og noko vakanse i stillingar, har slege positivt inn på budsjettbalansen dette året.

**Sjukefråver samla for NAV og flyktningtenesta:**

2019	2020
0,78	8,93

**Avvik:**

2019	2020
0	0

### Vurdering:

NAV – kontoret hadde langtidssjukefråvær i året. Situasjonen vart løyst gjennom intern fungering, og noko vakanse. Drifta har vore under press, men gått greitt. Covid-19 har for NAV sin del i nokon grad gitt mindre høve til å følgje opp brukarar gjennom oppmøte. Det har vore noko nasjonal bekymring om brukarar held seg unna oppfølging, og løyser t.d. økonomiske utfordringar på andre måtar, eller utset å få støtte frå NAV. Via digitale kanalar kan ei følgje opp mykje på ein god måte.

Omfanget av permitteringar grunna Covid har vore stor. Det har vore over 100 personar registrert som arbeidssøkjrarar i Lærdal, av desse mange permitterte. Nokre saker og situasjoner har det vore lite høve til å påverke med NAV sin innsats. Det har på trass av denne situasjonen vore noko overgang til arbeid for nokre av våre brukarar. Det er også bedrifter som har gått bra, som bygg, anlegg og transport. Innan det offentleg som t.d. helse har det også vore etterspørsel etter arbeidskraft. Kostnad til sosialhjelp har gått betydeleg ned i høve til førre år.

### Flyktningtenesta

#### Kjerneoppgåver:

- Oppfølging av deltakarar i introduksjonsprogram
- Etablering og burettleiing
- Avtale med IMDI/UDI om busetting og oppfølging
- Følgje opp andre einingar som har tenester for flyktningar
- Koordinering av tenester til flyktningar
- Kvalifiserande tiltak m.m og individuell plan
- Ansvar for å leie og gjennomføre kommunal tverretatleg flyktninggruppe
- Samarbeidsavtalar med vaksenopplæringa og helsestasjonen
- Kontakt med frivillige organisasjonar og legge til rette for fritidsaktivitetar

Kommunen har busett 6 vaksne flyktningar i 2020, og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet oppmoda Lærdal om å busette 10 flyktningar i 2020, men på grunn av Covid-19 vart det 6 flyktningar. Totalt 75 flyktningar er busett i åra 2014-2020. I tillegg er 8 barn fødde desse åra. To bustadar som er avsett til flyktningar har stått ledig nokre månadar i 2020.

#### Viktige hendingar:

- Ferie for flyktningborn – Tur til Pers Hotell på Gol m/ overnatting – tilskot frå BufDir
- Avgjer om å redusere vaksenopplæringa med 1 heil stilling
- Avgjer om å flytte vaksenopplæringa til flyktningtenesta i NAV
- Busetting av person med særskilde behov

#### Målområde:

- 70% av alle arbeidsføre som går ut av introduksjonsprogrammet skal i løpet av 3 månadar vere i arbeid eller utdanning
- Godt tverrfagleg samarbeid innan kommunen
- Meir samarbeid mellom Lærdal og Aurland; bruke ressursane, kunnskapane og fasilitetane i kvar kommune for å få best mogleg teneste
- Halvårlege gjennomgangar av samarbeidsplanar og fagplanar, samt halvårlege synfaringar i flyktningbustadar saman med teknisk

**Økonomi/ressurs:**

	Budsjett 2020	Rekneskap 2020
Løn	4 220 341	3 343 540
Andre kostnader	3 486 000	2 584 850
Inntekter	-7 706 341	-5 919 390

Fagleiar for flyktningtenesta fungerte som einingsleiar NAV i store delar av 2020. Dette reduserte kostnadene, i tillegg til at det blant anna var reduserte kostnadene til introduksjonsstønad enn forventa.

Utgifter på ansvar 135 (flyktningtenesta) vert dekket i sin heilskap av integreringsmidler frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

**Vurdering:**

Gode resultat i tenesta. Flyktningtenesta er blant anna nemnd i heimesida til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet etter god oppfølging av flyktninger i Covid-19 situasjonen. Alle flyktninger får hyppig oppfølging og deltek i kvalifisering. Det har vore vanskeleg å jobbe med integrering på fritida sida tilbod som er viktige for integrering har vore svært redusert.